

# St.prp. nr. 72

(2004–2005)

## Om trygdeoppgjøret 2005

*Tilråding fra Arbeids- og sosialdepartementet av 3. juni 2005,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

Regjeringa gjer med dette framlegg om å regulere grunnbeløpet (G) i folketrygda og å auke dei løvingane på statsbudsjettet for 2005 som blir påverka av reguleringa.

Regjeringa har lagt retningslinjene til Stortinget til grunn og lagt vekt på å sikre pensjonistane ei inntektsutvikling minst på linje med lønstakarane. Etter regjeringas syn tek forslaget til G-regulering omsyn til dette på ein god måte.

Reguleringa av grunnbeløpet blei drøfta mellom regjeringa og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg i møter 24. og 25. mai 2005. Regjeringa la stor vekt på å kome fram til semje med organisasjonane, noko drøftingsmøta første fram til. Regjeringa og dei tre organisasjonane blei samde om å auke grunnbeløpet med kr 1 921 frå 1. mai i år.

Regjeringa gjer framlegg om at grunnbeløpet blir auka frå kr 58 778 til kr 60 699 frå 1. mai 2005. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet aukar då med 3,3 prosent frå 2004 til 2005.

Etter framlegget aukar pensjonane til einslege minstepensjonistar med kr 3 444 pr. år til kr 108 852 pr. år. For ektepar der begge er minstepensjonistar aukar pensjonen med kr 9 264 pr. år til kr 199 512 pr. år. Utrekninga tek omsyn til at grunnpensjonen for ektepar og sambuande pensjonistar

frå 1. mai 2005 auka frå 0,825 G til 0,85 G for kvar pensjonist.

Meirutgiftene for 2005 på grunn av høgare grunnbeløp blir om lag 3 340 mill. kroner. I tillegg kjem auka utgifter til statspensjonane frå 1. mai 2005, jf. St.prp. nr. 73 (2004-2005) Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2005 mv.

### 2 Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet

Staten har i drøftingane med Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg teke utgangspunkt i retningslinjene for trygdeoppgjøret som Stortinget vedtok 28. mai 2003, jf. Innst. S. nr.223 (2002-2003).

Etter retningslinjene vil grunnbeløpet i 2005 bli regulert ut frå

- eventuelle avvik (etterslep) mellom den venta inntektsutviklinga frå 2003 til 2004 som blei lagt til grunn ved reguleringa av grunnbeløpet i fjor og den faktiske utviklinga i same tidsrom
- venta inntektsutvikling frå 2004 til 2005
- ei vurdering av om det er grunnlag for å ta omsyn til "særlege tilhøve".

Stortinget la i trygdeoppgjøret i 2004 til grunn at lønene til lønstakarane i alt auka med 3,55 prosent frå 2003 til 2004. I rapporten frå Det tekniske

berekningsutvalet for inntektsoppgjøra av 6. april 2005 er lønsveksten for lønstakarar i alt fra 2003 til 2004 rekna til 3,6 prosent. Dette gir eit avvik mellom den forventa og den reelle lønsveksten frå 2003 til 2004 på 0,05 prosentpoeng. Ein har ikkje funne grunnlag for å korrigere lønsveksten frå 2003 til 2004 som følgje av "særlege tilhøve".

I Revidert nasjonalbudsjett 2005 er lønsveksten for lønstakarar i alt sett til 3,25 prosent. Ein har heller ikkje funne grunnlag for å korrigere venta lønsvekst frå 2004 til 2005 som følgje av «særlege tilhøve».

Kravet frå organisasjonane og tilboden frå staten i trygdeoppgjøret 2005 er refererte under.

#### *Kravet frå organisasjonane:*

"Norsk Pensionistforbund (NPF), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Landsorganisasjonen i Norge (LO) heretter kalt "organisasjonene", viser til at det fra Arbeids- og sosialdepartementets side er blitt varslet at trygdeforhandlingene for 2005 avholdes 24. og 25. mai 2005.

Organisasjonene fremmer, med dette, følgende krav:

#### *1. Oppregulering av grunnbeløpet*

Grunnbeløpet i forbindelse med trygdeforhandlingene i 2004 ble oppregulert slik at pensjonistene fikk en årlønnsvekst på 3,55 prosent. I følge rapport nr 1, 2005 fra det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene var lønnsveksten for alle grupper fra 2003 til 2004 på 3,60 prosent.

På denne bakgrunn mener organisasjonene at det foreligger et etterslep på 0,05 prosent. Det fremmes derfor krav om oppregulering av årsinntekten for 2004 med samme prosent.

#### *2. Regulering av grunnbeløpet*

Vi viser til Stortingets vedtak av 2003 som har følgende ordlyd:

*"Siktemålet for reguleringa skal være å gi pensjonister med folketrygdspensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklinga for yrkesaktive".*

Organisasjonene krever at grunnbeløpet oppreguleres med 2.142,- fra 1. mai 2005, slik at årlønnsveksten 2004/2005 blir ca 3,50 prosent. Regjeringens eget anslag for årlønnsvekst for alle grupper fra 2004 til 2005 er på 3,25 prosent, slik det fremkommer i revidert nasjonalbudsjett for 2005. I tillegg viser vi til det historiske etterslepet som framkommer som følge av underreguleringen siden Folketrygden ble innført i 1967. Vi velger å vise moderasjon ved forhandlingene og krever derfor 0,25 prosent kompensasjon utover regjeringens eget anslag for årlønnsvekst.

#### *3. Samlet krav*

På bakgrunn av det overstående fremmer organisasjonene et samlet krav om oppregulering av grunnbeløpet fra 1. mai 2005, i samsvar med det som er omtalt under punkt 2 ovenfor."

#### *Tilboden frå staten:*

"I henhold til retningslinjene for regulering av grunnbeløpet i folketrygden vedtatt av Stortinget i 2003, foreslås følgende lagt til grunn ved regulering av grunnbeløpet fra 1. mai 2005:

1. Avviket mellom forventet lønnsvekst lagt til grunn ved reguleringen i 2004 (3,55 prosent) og faktisk lønnsvekst fra 2003 til 2004 (3,6 prosent), settes til 0,05 prosent. Det vises til rapporten fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene, NOU 2005: 7 Om grunnlaget for inntektsoppgjøret 2005.
2. Forventet lønnsvekst fra 2004 til 2005 anslås til 3,25 prosent, jf. anslaget for lønnsveksten for lønnstakere i alt i revidert nasjonalbudsjett 2005.

Ut fra ovenstående forutsetninger foreslås at grunnbeløpet økes med kroner 1920,- , fra kroner 58 778,- til kroner 60 698,- , fra 1. mai 2005. Dette innebærer at grunnbeløpet øker fra 2004 til 2005 med gjennomsnittlig 3,3 prosent."

Etter drøftingar og ein berekningsteknisk gjenomgang blei staten, Norsk Pensionistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg samde om å auke grunnbeløpet i folketrygda med kr 1921, frå kroner 58 778 til kroner 60 699, frå 1. mai 2005. Det gir ein vekst i grunnbeløpet på gjennomsnittleg 3,3 prosent frå 2004 til 2005.

### **3 Verknader av framlegget til pensjonsregulering**

Meirutgiftene ved framlegget om å auke grunnbeløpet med kr 1 921 frå 1. mai 2005 jamført med reglar og satsar før 1. mai 2005, blir på om lag 3 340 mill. kroner. I tillegg kjem auka utgifter til statspensionistane frå 1. mai 2005, jf. St.prp. nr. 73 (2004-2005). Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2005 mv.

Tabell 3.1 viser utviklinga av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre frå 1. januar 1990 etter forslaget til pensjonsregulering, medan tabell 4.1 viser inntektsutviklinga før skatt for pensjonistar og lønstakarar frå 1998 til 2004.

Tabell 3.1 Utviklinga av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1.01.1990 - 30.04.2006. Kroner

	Minstepensjon			Unge uføre født før 1941	
	Einslege		Ektepar		Pr. år
	Pr. år	Pr. md.	Pr. år	Pr. md.	
1.01.90-30.04.90	51 839	4 320	83 972	6 998	56 748
1.05.90-30.11.90	54 220	4 518	87 960	7 330	58 980
1.12.90-30.04.91	54 378	4 532	88 217	7 351	65 290 <sup>1</sup>
1.05.91-30.04.92	56 978	4 748	92 158	7 680	75 688 <sup>2</sup>
1.05.92-30.04.93	58 583	4 882	94 752	7 896	85 775 <sup>3</sup>
1.05.93-31.12.93	59 868	4 989	96 816	8 068	87 648 <sup>4</sup>
1.01.94-30.04.94	59 868	4 989	101 088 <sup>5</sup>	8 424 <sup>5</sup>	87 648 <sup>4</sup>
1.05.94-31.12.94	61 116	5 093	103 200	8 600	89 484 <sup>4</sup>
1.01.95-30.04.95 <sup>6</sup>	61 512	5 126	103 992	8 666	89 484 <sup>4</sup>
1.05.95-30.04.96	63 372	5 281	107 136	8 928	92 184
1.05.96-30.04.97	66 240	5 520	111 984	9 332	96 360
1.05.97-30.04.98 <sup>7</sup>	69 360	5 780	117 456	9 788	105 612
1.05.98-30.04.99 <sup>9</sup>	81 360	6 780	140 040	11 670	112 752
1.05.99-30.04.00	84 204	7 017	144 912	12 076	116 676
1.05.00-30.04.01	88 032	7 336	151 512	12 626	121 992
1.05.01-30.04.02	92 100	7 675	158 520	13 210	127 632
1.05.02-30.04.03	97 140	8 095	167 208	13 934	134 616
1.05.03-30.04.04	101 964	8 497	181 200 <sup>10</sup>	15 100	141 300
1.05.04-30.04.05	105 408	8 784	190 248 <sup>11</sup>	15 854	146 064
1.05.05-30.04.06	108 852	9 071	199 512 <sup>12</sup>	16 626	150 840
					12 570

<sup>1</sup> Fra 1.01.1991.

<sup>2</sup> Fra 1.01.1992.

<sup>3</sup> Fra 1.01.1993 (pga. heva aldersgrense).

<sup>4</sup> Født før 1943 (1.01.26-31.12.42).

<sup>5</sup> Heving av sats for særtillegget for ektepar fra 1.01.94. Ny sats  $2 \times 60,5$  pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

<sup>6</sup> Heving av sats for særtillegget fra 1.01.95. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

<sup>7</sup> Heving av sats for særtillegget fra 1.05.97. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

<sup>8</sup> Auking av garantert poengtal fra 3 til 3,3.

<sup>9</sup> Heving av sats for særtillegget fra 1.05.98. Ordinær sats er 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats er 74 pst. av grunnbeløpet.

<sup>10</sup> Grunnpensionen for ektepar auka fra 0,75 G til 0,8 G fra 1. mai 2003

<sup>11</sup> Grunnpensionen for ektepar auka til 0,825 G fra 1. mai 2004

<sup>12</sup> Grunnpensionen for ektepar auka til 0,85 G fra 1. mai 2005

Kjelde: Rikstrygdeverket

#### 4 Nærare om utviklinga i grunnbeløp og løner dei seinare åra

Tabell 4.1 viser utviklinga i grunnbeløpet og i inntektene for minstepensjonistar og lønstakarar i perioden 1998 - 2004. Berekningane gjeld pensjonsytingar frå folketrygda. Dei fleste pensjonistane har inntekter i tillegg til pensjonsinntekta. Utviklinga i desse inntektene er ikkje med her.

For pensjonistar med tilleggspensjon utover særtillegget tilsvarer auken i pensjonen veksten i grunnbeløpet. Det same vil til vanleg gjelde minstepensjonistane så lenge satsane for særtillegget ikkje blir endra.

Minstepensjonane har auka sterkare enn grunnbeløpet i perioden 1998 - 2004 under eitt.

Årsaka er at særtillegget blei trappa opp både i 1997 og 1998. I 1998 auka minstepensjonane med om lag 12 000 kroner pr. 1. mai. I tillegg har grunnpensionen for ektepar og sambuande auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003, til 0,825 G frå 1. mai 2004 og til 0,85 G frå 1. mai 2005.

Grunnbeløpet og pensjonen for einslege minstepensjonistar auka med 5,13 prosent frå 2002 til 2003 og med 3,89 prosent frå 2003 til 2004. For ektepar og sambuande pensjonistar med minstepensjon blir veksten sterkare på grunn av auken i grunnpensionen frå 1. mai 2003 og 1. mai 2004. For desse pensjonistane var auken i pensjonen 7,5 prosent frå 2002 til 2003 og 6,1 prosent frå 2003 til 2004. Lønsveksten for lønstakarar i alt var 4,5 prosent frå 2002 til 2003 og 3,6 prosent frå 2003 til 2004.

Tabell 4.1 Utvikling av grunnbeløpet, inntektene for minstepensjonistane og lønstakarane og gjennomsnittleg alders- og uførepensjon 1998 – 2004. Prosentvis endring frå året før og gjennomsnittleg endring pr. år 2001-2004.

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2001-2004
Grunnbeløp	5,8	4,5	4,2	4,6	5,2	5,13	3,89	4,7
Minstepensjon for einslege	13,2	7,6	4,2	4,6	5,2	5,13	3,89	4,7
Minstepensjon for ektepar	14,6	8,1	4,2	4,6	5,2	7,5	6,05	6,2
Lønstakarar i alt eks. lærarar <sup>2</sup>				4,6	5,5	4,4		
Lønnstakarar i alt	6,2	5,1	4,4	4,8	5,7	4,5	3,6	4,6
Industriarbeidarar i NHO-området	5,6	4,7	4,5	4,9	5,0	3,5	3,6	4,0
Statstilsette	6,4	4,7	4,6	4,2	5,9	4,3	3,7	4,6
Kommunetilsette	5,9	5,0	4,0	3,5	6,0	4,4	3,8	4,7
Alderspensjon i gjennomsnitt <sup>3</sup>	9,3	6,2	5,0	5,5	6,2	6,8	5,4	6,1
Uførepensjon i gjennomsnitt	8,6	4,7	4,0	4,3	6,2	5,5	- 1,2 <sup>4</sup>	3,5
Konsumprisindeksen		2,3	3,1	3,0	1,3	2,5	0,4	1,4

<sup>1</sup> Berekna lønsvekst jf. rapport frå Det tekniske berekningsutvalet, NOU 2005: 7, tabell 3.1.

<sup>2</sup> Dei særskilte elementa i oppgjøret for skuleverket desse åra er her haldne utanom.

<sup>3</sup> Gjennomsnittlig alderspensjon har auka meir enn både grunnbeløpet og gjennomsnittsløna for samanlikningsgruppene i perioden 1998-2004. Dette kjem av at folketrygda framleis er under oppbygging, og at alderspensjonistane i aukande grad har tent opp tilleggspensjon.

<sup>4</sup> Gjennomsnittleg pensjon er rekna ut frå rekneskapet. Grunnen til nedgangen er at det ikkje lenger er noko særleg med etterbetalingar (for tidsrom for første utbetaling).

Kjelde: Det tekniske berekningsutvalet NOU 2005: 7 og Rikstrygdeverket.

Tabell 4.2 Netto pensjonsdekningsprosent i 2004 for pensjonistar som har tent opp poeng i alle åra frå 1967, og som blei alderspensjonistar i 2004 og ved fullt opptent pensjon. Pensjonsalder 67 år.

	Brutto lønsinntekt. Kroner			
	174 417	232 556	290 695	406 973
	Sluttpoengtal			
Br.pensj. for einslege, 1936-kullet. Kr	2,00	3,00	4,00	5,33/6,00
Br.pensj. for einslege, 1940-kullet. Kr	105 496	129 175	152 854	200 211
Br.pensj. for einslege, 1975-kullet. Kr	109 162	134 673	160 185	211 207
	106 976	131 394	155 813	188 289
Netto pensjonsdekningsprosent				
Einslege				
1936-kullet	79	72	66	60
1940-kullet	82	74	68	61
1975-kullet	80	73	67	57
Pensjonistektepar (ein minstepensjonist) <sup>1,2</sup>				
1936-kullet	133	112	99	85
1940-kullet	134	114	101	87
1975-kullet	133	113	100	83
Pensjonistar som forsørger ektefelle (yngre enn 60 år)				
1936-kullet	95	87	83	74
1940-kullet	97	90	87	75
1975-kullet	96	89	85	73

<sup>1</sup> Minstepensjonist utan tidligare arbeidsinntekt og utan pensjonspoeng i folketrygda

<sup>2</sup> Grunnpensionen for kvar ektefelle blei heva frå 0,75G til 0,8G frå 1. mai 2003, til 0,825G frå 1. mai 2004 og til 0,85G frå 1. mai 2005.

Kjelde: Rikstrygdeverket

I vedlegget til proposisjonen går den historiske utviklinga av pensjonane m.v. fram. Tabellane i vedlegget syner m.a. utviklinga av minstepensjon frå 1970 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterkt realvekst som heng saman med at satsane for særtillegget er trappa opp.

Tabell 4.2 viser pensjonen etter skatt i prosent av disponibel inntekt som yrkesaktiv (nettopensjonsdekningsprosent). Dei som har hatt låg yrkesinntekt får høgare disponibel pensjon som del av tidlegare yrkesinntekt enn dei som har hatt høg yrkesinntekt.

## 5 Skattereglane for pensjonistar i 2005

Dei særlege skattereglane for pensjonistar i 2005 er i hovudsak ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

### Alderspensjonistar

Frå og med den månaden skattytaren fyller 70 år, får han eit særfrådrag i inntekta. I 2005 utgjer fullt særfrådrag 1 530 kroner pr. månad, dvs. 18 360 kroner for heile året. Har skattytaren etter fylte 67 år teke ut alderspensjon etter § 19-4 i folketrygdlova, har han òg rett til slikt særfrådrag. Skattytarar mellom 67 og 70 år som ikkje har teke ut full alderspensjon, får særfrådraget avkorta. Særfrådraget blir gitt i allmenn inntekt, dvs. inntekta som ligg til grunn for utrekninga av felles-, kommune- og fylkesskatt.

Pensjonistar med avtalefesta pensjon (AFP) har ikkje rett til særfrådrag.

### Uførepensjonistar

Skattytarar som får førebels uførepensjon etter folketrygdlova § 12-16, tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, skal i 2005 ha eit særfrådrag i inntekta på 1 530 kroner pr. månad, tilsvarende 18 360 kroner for heile året. Viss arbeidsnevna er nedsett med mellom halvdelen og to tredelar, skal vedkomande ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget blir gitt i allmenn inntekt.

### Særskild skatteavgrensingsregel

For skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter dei reglane som er nemnde ovanfor, og som ikkje mottek tidsavgrensa uførestønad, skal ein ikkje rekna ut skatt når den allmenne inntekta før

særfrådrag er under 92 100 kroner for einslege og 151 000 kroner for ektepar. Ved utrekning av inntekta skal ein leggja til 2 pst. av skattepliktig formue utover 200 000 kroner.

Viss inntekta ligg over dei fastsette skattefrie grensene, skal ein i utgangspunktet rekna skatt av heile inntekta etter dei ordinære skattereglane for pensjonistar. Skatten skal likevel ikkje overstiga 55 pst. av den allmenne inntekta (før særfrådrag) over den skattefrie beløpsgrensa. Skatten blir på denne måten avgrensa til maksimalt 55 pst. av den allmenne inntekta som ligg høgare enn beløpsgrensene.

Denne regelen gjeld òg for skattytarar som tek i mot overgangsstønad, etterlatnepensjon eller avtalefesta pensjon (AFP). Den særskilde skatteavgrensingsregelen blir brukt ved utrekning av trygdeavgift og felles-, kommune- og fylkesskatt. Regelen blir ikkje nyttा ved fastsetjing av toppskatt eller skatt på formue.

### Minstefrådraget for pensjonsinntekter

Når skatten skal rekna ut, blir lønsinntekter og pensjonsinntekter redusert med eit minstefrådrag.

I 2005 utgjer minstefrådraget for pensjonsinntekter 24 prosent, likevel avgrensa til kr 49 400.

### Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt mv. i 2005 er 3 pst.

## 6 Krigspensjonering

Staten dekker utgiftene til krigspensjon etter lov av 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov av 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimestyrkepersoneell og sivilpersonar (§ 25).

Under kap. 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2005 løyvd respektive 255 mill. kroner og 615 mill. kroner.

Etter tilleggslova av 29. juni 1951 nr. 34 skal pensjonane regulerast like mykje som statspensjonane, dvs. i takt med grunnbeløpet i folketrygda. For 2005 blir det rekna med meirutgifter på 6 mill. kroner til krigspensjoneringa for militærpersonar og 13 mill. kroner til krigspensjoneringa for heimestyrkepersoneell og sivilpersonar.

Krigspensjonane blir samordna med pensjonar frå folketrygda. Det blir gjort framlegg om å auke løvinga under kap. 660 Krigspensjonering med 19 mill. kroner for 2005.

## **7 Avtalefesta pensjon**

---

Etter § 6 i lov av 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefesta pensjon yter staten tilskott med 40 prosent av pensjonsutgiftene for pensjonistar over 64 år.

Under kap. 666, post 70 Tilskott er det for 2005 løyvd 788 mill. kroner til statstilskott.

Pensjonen skal regulerast på same måte som pensjonane i folketrygda. Det blir gjort framlegg om å auke statstilskottet med 17 mill. kroner.

garantert av staten. Når reguleringsfondet er brukt opp, dekkjer såleis staten dei årlege underskotta.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott, er det for 2005 løyvd 621 mill. kroner.

Pensjonssatsane og krigsfartstillegget blir fastsatt i prosent av grunnbeløpet i folketrygda, og aukar såleis automatisk når grunnbeløpet blir regulert. Både underskottet og utgiftene til krigsfartstillegg vil auke når grunnbeløpet aukar. Det blir gjort framlegg om å auke tilskottet med 14 mill. kroner.

## **8 Pensjonstrygda for sjømenn**

---

Etter §15 i lov av 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn yter staten visse tilskott. Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for fartsmånader mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945. Etter § 8 er pensjonsordninga

Arbeids- og sosialdepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om trygdeoppjeret 2005.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om trygdeoppjeret 2005 i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag til vedtak om trygdeoppgjernet 2005**

**I**

Grunnbeløpet i folketrygda blir sett til kr 60 699 med verknad frå 1. mai 2005.

**II**

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	6 000 000
		frå kr 255 000 000 til kr 261 000 000	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	13 000 000
		frå kr 615 000 000 til kr 628 000 000	
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med .....	14 000 000
		frå kr 621 000 000 til kr 635 000 000	
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med .....	17 000 000
		frå kr 788 000 000 til kr 805 000 000	
2543		Ytingar til yrkesretta attföring	
	70	Attföringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	234 000 000
		frå kr 10 745 000 000 til kr 10 979 000 000	
2652		Medisinsk rehabilitering mv.	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	162 000 000
		frå kr 7 430 000 000 til kr 7 592 000 000	
2655		Uførhet	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	358 000 000
		frå kr 16 419 000 000 til kr 16 777 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	528 000 000
		frå kr 24 233 000 000 til kr 24 761 000 000	
	72	Særtillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	30 000 000
		frå kr 1 380 000 000 til kr 1 410 000 000	
	73	Førerels uførepensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	5 000 000
		frå kr 250 000 000 til kr 255 000 000	
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	47 000 000
		frå kr 2 155 000 000 til kr 2 202 000 000	
	76	Yrkesskadetrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 70 000 000 til kr 72 000 000	
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	719 000 000
		frå kr 33 015 000 000 til kr 33 734 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	995 000 000
		frå kr 45 645 000 000 til kr 46 640 000 000	
	72	Ventetillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 105 000 000 til kr 107 000 000	

Kap	Post	Formål	Kroner
2680	73	Særtillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 4 870 000 000 til kr 4 976 000 000	106 000 000
	Ytingar til gjenlevande ektefellar		
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 207 000 000 til kr 1 233 000 000	26 000 000
2683	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 034 000 000 til kr 1 057 000 000	23 000 000
	72	Særtillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 62 000 000 til kr 63 000 000	1 000 000
	70	Stønad til einsleg mor og far Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 2 300 000 000 til kr 2 350 000 000	50 000 000

**Vedlegg 1****Tabellar**

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967

Frå	Storleiken på grunnbeløpet		Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp	
	Per år	Per md.	År	Beløp
1.01.1967	5 400	450,00	1967	5 400
1.01.1968	5 900	491,67	1968	5 900
1.01.1969	6 400	533,33	1969	6 400
1.01.1970	6 800	566,67	1970	6 800
1.01.1971	7 200	600,00		
1.05.1971	7 500	625,00	1971	7 400
1.01.1972	7 900	658,33	1972	7 900
1.01.1973	8 500	708,33	1973	8 500
1.01.1974	9 200	766,67		
1.05.1974	9 700	808,33	1974	9 533
1.01.1975	10 400	866,67		
1.05.1975	11 000	916,67	1975	10 800
1.01.1976	11 800	983,33		
1.05.1976	12 100	1 008,33	1976	12 000
1.01.1977	13 100	1 091,67		
1.05.1977	13 400	1 116,67		
1.12.1977	14 400	1 200,00	1977	13 383
1.07.1978	14 700	1 225,00	1978	14 550
1.01.1979	15 200	1 266,67	1979	15 200
1.01.1980	16 100	1 341,67		
1.05.1980	16 900	1 408,33	1980	16 633
1.01.1981	17 400	1 450,00		
1.05.1981	19 100	1 591,67		
1.10.1981	19 600	1 633,33	1981	18 658
1.05.1982	21 200	1 766,67	1982	20 667
1.01.1983	21 800	1 816,67		
1.05.1983	22 600	1 883,33	1983	22 333
1.05.1984	24 200	2 016,67	1984	23 667
1.05.1985	25 900	2 158,33	1985	25 333
1.01.1986	26 300	2 191,67		
1.05.1986	28 000	2 333,33	1986	27 433
1.05.1987	29 900	2 491,67	1987	29 267
1.01.1988	30 400	2 533,33		
1.04.1988	31 000	2 583,33	1988	30 850
1.04.1989	32 700	2 725,00	1989	32 275
1.05.1990	34 000	2 833,33		
1.12.1990	34 100	2 841,67	1990	33 575
1.05.1991	35 500	2 958,33	1991	35 033
1.05.1992	36 500	3 041,67	1992	36 167
1.05.1993	37 300	3 108,33	1993	37 033
1.05.1994	38 080	3 173,33	1994	37 820
1.05.1995	39 230	3 269,17	1995	38 847
1.05.1996	41 000	3 416,67	1996	40 410
1.05.1997	42 500	3 541,67	1997	42 000

Frå	Storleiken på grunnbeløpet		Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp	
	Per år	Per md.	År	Beløp
1.05.1998	45 370	3 780,83	1998	44 413
1.05.1999	46 950	3 912,50	1999	46 423
1.05.2000	49 090	4 090,83	2000	48 377
1.05.2001	51 360	4 280,00	2001	50 603
1.05.2002	54 170	4 514,17	2002	53 233
1.05.2003	56 861	4 738,42	2003	55 964
1.05.2004	58 778	4 898,17	2004	58 139

Tabell 1.2 Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistane har særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdien. 1970–2004.

År	Særtilleggssats ved utgangen av året (pst. av G)		Årlege minstepensjonar		Gj.sn. grunnbeløp kr	Endring i realverdi frå året før		
	Høgaste pst.	Lågaste pst.	Einsleg kr	Ektepar kr		Einsleg pst.	Ektepar pst.	Gj.sn. grunnbeløp kr
1970	7,50	7,50	7 810	11 970	6 800	-	-	-
1971	14,00	14,00	8 900	13 850	7 400	6,8	8,4	2,0
1972	17,00	16,00	9 664	15 023	7 900	1,7	1,6	-0,0
1973	17,00	16,00	10 445	16 220	8 500	0,2	0,1	-0,2
1974	17,00	16,00	11 655	18 101	9 533	2,3	2,3	2,8
1975	21,50	20,25	13 308	20 696	10 800	2,3	2,4	1,5
1976	25,00	24,00	15 363	24 215	12 000	5,6	7,0	1,6
1977	31,00	30,00	17 770	28 331	13 383	5,9	7,1	2,1
1978	36,00	35,00	20 228	32 760	14 550	5,3	6,9	0,6
1979	40,00	39,00	21 780	35 406	15 200	2,9	3,3	-0,1
1980	44,00	41,00	24 345	39 339	16 633	0,7	0,1	-1,5
1981	48,00	45,00	27 882	45 066	18 658	1,0	1,0	-1,1
1982	49,00	46,00	31 228	50 633	20 667	0,5	0,9	-0,6
1983	51,50	47,50	34 153	55 248	22 333	0,8	0,6	-0,4
1984	52,50	48,50	36 516	59 056	23 667	0,5	0,5	-0,4
1985	53,00	49,00	39 220	63 496	25 333	1,7	1,8	1,3
1986	54,50	49,75	42 884	69 196	27 433	2,1	1,7	1,1
1987	54,50	49,75	45 724	73 776	29 267	-2,0	-2,0	-1,9
1988	57,00	52,25	48 786	78 966	30 850	0,0	0,4	-1,2
1989	57,00	52,25	51 174	82 896	32 275	0,3	0,4	0,1
1990	58,00	53,25	53 438	86 652	33 575	0,3	0,4	-0,1
1991	60,50	54,80	56 112	90 840	35 033	1,5	1,3	0,8
1992	60,50	54,80	58 048	93 890	36 167	1,1	1,0	0,9
1993	60,50	54,80	59 440	96 128	37 033	0,1	0,1	0,1
1994	60,50	60,50 <sup>1</sup>	60 700	102 496	37 820	0,7	5,1	0,7
1995	61,55	61,55 <sup>1</sup>	62 752	106 088	38 847	0,9	1,0	0,2
1996	61,55	61,55 <sup>1</sup>	65 284	110 368	40 410	2,8	2,8	2,8
1997	63,20	63,20 <sup>1</sup>	68 320	115 632	42 000	2,0	2,1	1,3
1998	79,33	79,33 <sup>1</sup>	77 360	132 512	44 413	10,7	12,7	3,4
1999	79,33	79,33 <sup>1</sup>	83 256	143 288	46 423	5,2	5,9	2,2
2000	79,33	79,33 <sup>1</sup>	86 756	149 312	48 377	1,0	1,0	1,0
2001	79,33	79,33 <sup>1</sup>	90 744	156 184	50 603	1,5	1,5	1,5
2002	79,33	79,33 <sup>1</sup>	95 460	164 312	53 233	3,9	3,9	3,9
2003	79,33	79,33 <sup>1</sup>	100 356	176 536	55 964	2,6	4,9	2,6
2004	79,33	79,33 <sup>1</sup>	104 260	187 232	58 139	3,4	5,6	3,4

<sup>1</sup> Om begge ektefellar har særtillegg

**Tabell 1.3 Personar med pensjon/overgangsstønad frå folketrygda.**

	Per 31. desember 2002			Per 31. desember 2003			Per 31. desember 2004		
	Talet på personar	Av dette med minste-yting <sup>1</sup>	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minste-yting <sup>1</sup>	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minste-yting <sup>1</sup>	I pst. av alle
Alders-pensjonistar	624 054	217 862	35	623 722	208 122	33	625 668	199 831	32
Uførepensjonistar <sup>2</sup>	292 224	60 264	21	301 214	59 513	20	302 369	58 011	19
Gjenlevande ektefellar	25 914	4 502	17	25 246	4 247	17	24 632	4 007	16
Tidlegare familiepleiarar	223	223	100	207	207	100	182	182	100
Ugifte forsørgjarar og skilte separate forsørgjarar	25 470	25 470	100	25 647	25 647	100	27 012	27 012	100
I alt	967 885	308 321	32	976 036	297 736	31	979 863	289 043	29

<sup>1</sup> Frå og med 1.01.98 blir det ikkje gitt særtillegg til ugifte, skilde og separate forsørgjarar. Overgangsstønaden er 1,85 gonger grunnbeløpet.

<sup>2</sup> Personar med tidsavgrensa uførestønad (8 515 per 31.12.04) er ikkje med.

Kjelde: Rikstrygdeverket

**Tabell 1.4 Alders- og uførepensjonistar med særtillegg og sats for særtillegg per 31.12.2004**

	Høgaste sats			Lågaste sats <sup>1</sup>		
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt
Alderspensjonistar	93 204	2 128	115 332	81 432	3 067	84 499
67-69	5 645	2 567	8 212	15 709	420	16 129
70 år og over	87 559	19 561	107 120	65 723	2 647	68 370
Uførepensjonistar i alt	32 663	8 368	41 031	16 052	928	16 980
Under 50 år	7 638	3 374	11 012	842	182	1 024
50-59 år	14 993	2 883	17 876	4 210	276	4 486
60-66 år	9 949	2 088	12 037	10 815	467	11 282
67-69 år	83	23	106	185	3	188
I alt	125 867	30 496	156 363	97 484	3 995	101 479

<sup>1</sup> Fordelinga mellom høg og låg sats har vore feil i nokre tidlegare år, dvs. at det har vore oppgitt for få med låg sats. Den lågaste satsen inkluderer også dei som har ein sats som ligg mellom høg og låg (jf. endring i særtilleggssatsane for ektefellar frå 1.01.94).

Kjelde: Rikstrygdeverket

**Tabell 1.5 Alderspensjonistar og uførepensjonistar med full pensjon samt gjenlevende ektefelle med og utan tilleggspensjon. 31. desember 2004.<sup>1</sup>**

	Berre pensjonistar med full pensjon		Gjenlevande ektefelle med pensjon/overgangsstønad	I alt
	Alderspensjonistar	Uførepensjonistar		
Utan tilleggspensjon	59 698	9 106	599	69 403
Under 0,55 G	96 310	26 450	10 232	132 992
0,55 G - 0,60 G	9 244	2 336	859	12 439
0,60 G - 0,80 G	41 051	10 554	3 200	54 805
0,80 G - 1,00 G	46 752	12 147	3 082	61 981
1,00 G - 1,50 G	128 288	79 235	5 017	212 540
1,50 G - 2,00 G	127 978	46 918	1 578	176 474
Over 2,00 G	113 016	55 103	65	168 184
I alt	622 337	241 849	24 632	888 818

<sup>1</sup> Tabellen omfatter ikkje alderspensjonistar og uførepensjonistar med gradert pensjon..

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.6 Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fekk godskrive pensjonspoeng etter særreglar for uførepensjonistar<sup>1</sup>

År	Talet på personar			I prosent av folketalet 17-69 år per 31. desember	
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner pst.	Menn pst.
1967	379 284	1 000 303	1 379 587	31,0	82,0
1970	406 912	1 000 262	1 407 174	32,7	80,3
1973	467 148	1 019 234	1 486 382	36,8	79,9
1975	506 236	1 034 142	1 540 378	39,4	79,9
1977	581 234	1 068 877	1 650 111	44,7	81,5
1978	616 895	1 074 064	1 690 959	47,2	81,3
1979	646 502	1 081 518	1 728 020	49,2	81,5
1980	677 229	1 096 561	1 773 790	51,2	82,1
1981	698 253	1 097 511	1 795 764	52,5	81,6
1982	710 012	1 083 001	1 793 013	53,1	79,9
1983	722 474	1 080 593	1 803 067	53,6	79,1
1984	745 200	1 087 816	1 833 016	53,0	79,1
1985	776 418	1 100 216	1 876 634	56,9	79,3
1986	812 883	1 122 975	1 935 858	59,1	80,2
1987	846 414	1 128 753	1 975 167	61,1	79,9
1988	861 669	1 128 573	1 990 242	61,8	79,1
1989	850 403	1 099 913	1 950 316	60,7	76,7
1990	856 668	1 089 392	1 946 060	61,0	75,8
1991	865 544	1 082 327	1 947 871	61,4	74,9
1992	872 979	1 079 078	1 952 057	61,7	74,3
1993	884 425	1 081 504	1 965 929	62,2	74,2
1994	900 904	1 099 311	2 000 215	63,2	75,2
1995	918 852	1 116 499	2 035 351	64,2	76,1
1996	935 019	1 132 310	2 067 329	65,0	76,9
1997	951 227	1 154 670	2 105 897	65,8	78,0
1998	971 935	1 117 106	2 089 041	66,8	79,0
1999	982 630	1 180 713	2 163 343	67,1	78,7
2000	993 640	1 184 738	2 178 378	67,5	78,4
2001	1 004 786	1 192 262	2 197 048	67,9	78,6
2002 <sup>2</sup>	1 041 947	1 217 441	2 259 388	69,9	79,6
2003	1 047 176	1 213 399	2 260 575	69,7	78,8

<sup>1</sup> Personar med pensjonsgjenvante inntekt som døde eller utvandret i året er tekne ut fra 1982.

<sup>2</sup> Frå 1.1. 2002 er rehabiliteringspengar og attføringspengar pensjonsgjenvante inntekt.

Tabell 1.7 Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikke-uføre 1967–2003.

År	Kvinner	Menn
1967	1,88	3,55
1968	1,87	3,52
1969	1,84	3,49
1970	1,90	3,63
1971	1,96	3,82
1972	2,03	3,89
1973	2,08	3,96
1974	2,09	4,01
1975	2,19	4,14
1976	2,30	4,29
1977	2,26	4,30
1978	2,26	4,32
1979	2,23	4,29
1980	2,27	4,31
1981	2,31	4,30
1982	2,33	4,20
1983	2,36	4,25
1984	2,41	4,30
1985	2,46	4,36
1986	2,53	4,40
1987	2,69	4,60
1988	2,74	4,64
1989	2,77	4,54
1990	2,88	4,61
1991	2,95	4,61
1992	2,92	4,25
1993	2,95	4,24
1994	2,99	4,27
1995	3,02	4,30
1996	3,06	4,32
1997	3,10	4,37
1998	3,13	4,41
1999	3,18	4,42
2000	3,19	4,41
2001	3,22	4,43
2002	3,21	4,39
2003	3,20	4,32

Kjelde: Rikstrygdeverket

**Vedlegg 2****Protokoll fra møtet 9. mai 2005 mellom representanter for staten og representanter fra Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge for å gjennomgå rapporten Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2005 av 6. april 2005 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene.**

Representanter for staten ved Arbeids- og sosialdepartementet og representanter for Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge har i møte 9. mai 2005 gått gjennom rapporten Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2005 av 6. april 2005 (NOU 2005: 7) fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene. Ved gjennomgangen av rapporten konstaterte partene at utvalget har anslått lønnsveksten fra 2003 til 2004 til 3,6 prosent for lønnstakere i alt, til 3,6 prosent for industriarbeidere i NHO-bedrifter, til 3,7 prosent for ansatte i staten og 3,8 prosent for ansatte i kommunene (jf. tabell 3.1 i NOU 2005:7). Partene vil vurdere tallene, og i henhold til Stortingets retningslinjer for regulering av grunnbeløpet, komme tilbake til dem

under drøftingene om reguleringen av grunnbeløpet.

Følgende var til stede på møtet:

- Fra Norsk Pensjonistforbund: Arild Daleng
- Fra Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon: Stian Oen
- Fra Landsorganisasjonen i Norge: Øystein Nilssen
- Fra Arbeids- og sosialdepartementet: Roger Nordhagen, Tomas Berg, Arnulf Leirpoll og Tormod Belgum

Oslo, den 9. mai 2005

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
Norsk Pensjonistforbund  
Landsorganisasjonen i Norge  
Arbeids- og sosialdepartementet

---

**Vedlegg 3**

## **Protokoll fra drøftingene mellom Regjeringen og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonsmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge om regulering av grunnbeløpet i folketrygden pr. 1. mai 2005.**

Drøftingene om årets trygdeoppgjør ble gjennomført ved møter 24. og 25. mai 2005.

Følgende har vært til stede på ett eller flere av møtene:

- *Norsk Pensjonistforbund*: Erling Carlsen, Reidar Tjøstheim, Karnlisbeth Haarseth, Harald Norman, Torolf Støyva og Rune Bugge Persson
- Fra de samarbeidende pensjonistorganisasjoner i offentlig sektor møtte
- Arthur Skåtøy
- *Funksjonsmedes Fellesorganisasjon*: Arnt Holte, Margaret Sandøy Ramberg, Magnar Sortåsløkken, Liv Arum og Stian Oen
- Landsorganisasjonen i Norge: Trine Lise Sundnes, Irene Frenger, Øystein Nilsen og Arvid Tønnesen
- *Arbeids- og sosialdepartementet*: Statsråd Dagfinn Høybråten, Arnulf Leirpoll, Roger Nordhaugen, Lars Bærøe og Bjørg Løken Western.
- *Finansdepartementet*: Statssekretær Helle Hammer og Inge Skeie

Organisasjonene la i møtet 24. mai 2005 fram følgende krav:

Norsk Pensjonistforbund (NPF), Funksjonsmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Landsorganisasjonen i Norge (LO) heretter kalt ”organisasjonene”, viser til at det fra Arbeids- og sosialdepartementets side er blitt varslet at trygdeforhandlingen for 2005 avholdes 24. og 25. mai 2005.

Organisasjonene fremmer, med dette, følgende krav:

### **1. Oppregulering av grunnbeløpet**

Grunnbetøpet i forbindelse med trygdeforhandlingen i 2004 ble oppregulert slik at pensjonistene fikk en årslønnsvekst på 3,55 prosent. I følge rapport nr 1,2005 fra det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene var lønnsveksten for alle grupper fra 2003 til 2004 på 3,60 prosent.

På denne bakgrunn mener organisasjonene at det foreligger et etterslep på 0,05 prosent. Det

fremmes derfor krav om oppregulering av årsinntekten for 2004 med samme prosent.

### **2. Regulering av grunnbeløpet**

Vi viser til Stortingets vedtak av 2003 som har følgende ordlyd:

”Siktemålet for reguleringa skal være å gi pensjonister med folketrygdspensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklinga for yrkesaktive”.

Organisasjonene krever at grunnbeløpet oppreguleres med 2.142,- fra 1. mai 2005, slik at årslønnsveksten 2004/2005 blir ca 3,50 prosent. Regjeringens eget anslag for årslønnsvekst for alle grupper fra 2004 til 2005 er på 3,25 prosent, slik det fremkommer i revidert nasjonalbudsjett for 2005. I tillegg viser vi til det historiske etterslepet som framkommer som følge av underreguleringen siden Folketrygden ble innført i 1967. Vi velger å vise moderasjon ved forhandlingene og krever derfor 0,25 prosent kompensasjon utover regjeringens eget anslag for årslønnsvekst.

### **3. Samlet krav**

På bakgrunn av det overstående fremmer organisasjonene et samlet krav om oppregulering av grunnbeløpet fra 1. mai 2005, i samsvar med det som er omtalt under punkt 2 ovenfor.

I møte 25.05. 2005 la staten fram følgende tilbud:

I henhold til retningslinjene for regulering av grunnbeløpet i folketrygden vedtatt av Stortinget i 2003, foreslås følgende lagt til grunn ved regulering av grunnbeløpet fra 1. mai 2005:

1. Avviket mellom forventet lønnsvekst lagt til grunn ved reguleringen i 2004 (3,55 prosent) og faktisk lønnsvekst fra 2003 til 2004 (3,6 prosent), settes til 0,05 prosent. Det vises til rapporten fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene, NOU 2005: 7 Om grunnlaget for inntektsoppgjøret 2005.

2. Forventet lønnsvekst fra 2004 til 2005 anslås til 3,25 prosent, jf. anslaget for lønnsveksten for lønnstakere i alt i revidert nasjonalbudsjett 2005.

Ut fra ovenstående forutsetninger foreslås at grunnbeløpet økes med kroner 1920,- , fra kroner 58 778,- til kroner 60 698,- , fra 1. mai 2005. Dette innebærer at grunnbeløpet øker fra 2004 til 2005 med gjennomsnittlig 3,3 prosent.

Etter drøftinger og en beregningsteknisk gjennomgang, ble det 25. mai 2005 enighet mellom sta-

ten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge om en økning i grunnbeløpet i folketrygden med kroner 1921, fra kroner 58 778 til kroner 60 699, fra 1. mai 2005. Det gir en vekst i grunnbeløp på gjennomsnittlig 3,3 prosent fra 2004 til 2005.

Oslo, 25. mai 2005  
Norsk Pensjonistforbund  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
Landsorganisasjonen i Norge  
Arbeids- og sosialdepartementet

---

---